

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 30.04.14 kl.18.30-20.45

Møtestad : Herand Kulturhus

Til stades : Sigmund Eiken, Hanne Elisabeth Hesthamar, Arne Bergstø, Knut Haugen, Kaia Gulbrandsen, Sonja Irene Skarde, Marta Bergstø. Gerd Ingeborg Haugen var til stades fyrste del av møtet.

Sak 1 : Godkjenning av sakliste og referat frå sist møte 08.04.14. Ingen merknader.

Sak 2 : Økonomi. Evt nedbetaling av lån.

Kasserar orienterte. Styret vart samde om å avslutta lånet på Herand Kulturhus som pr. i dag er på kr. 63.836,-

Sak 3 : Innspel om meir dugnad på kyrkjegarden.

Me har fått informasjon frå kyrkjelydsvergevikar om at kyrkjegarden må slåast på dugnad.

Dersom nokon privatpersonar er interesserte, kan dei henvenda seg til kyrkjelydskontoret på tlf. 53668437.

Sak 4 : Årskalender og vaktliste for vatning og tømning av boss.

Årskalenderen vert kunngjort på www.herand.no.

Me sette opp ein rulleringsplan for ansvar for vatning og tømning av boss for 16 veker i sommar.

Dette går på rundgang for styremedlemmene.

Sak 5 : Oppsummering av dugnaden 2014.

Sigmund las opp referat frå den flotte dagen. Dette vert sendt vidare til Herand Bygdeblad, Hordaland Folkeblad og www.herand.no

Ymse:

1. Samordna registermelding til Brønnøysundregisteret.

Styreleiar og nestleiar har kvar for seg signaturrett.

2. Namnebyte : Melda frå til Jondal Kommune og Hordaland Folkeblad at Herand Skule har endra namn til Herand Kulturhus, og oppmoda alle til å bruka dette namnet her etter.

3. Kva med drift av Krambua sommaren 2014? Utlodding?

Ta dette opp på fyrste møtet i kjøkenkomitèen måndag 05.05.14

Skrivar : Marta Bergstø

Neste styremøte vert onsdag 04.06. kl.19.00

